

Rettleiing om merknad av pant

Skjemaet gjeld

Skjemaet gjeld merknad av pant eller endringar i tidlegare merknader i patentregisteret og i Patentstyret sitt særskilde register over europeiske patentsøknader. Skjemaet gjeld ikkje varemerke eller design.

Pantsetjar

Du må leggje inn namnet og adressa til pantsetjaren. Pantsetjaren er den som eig retten som blir pantsett. Den du fører opp som pantsetjar, må altså vere den same som står oppført som søkjar eller innehavar i Patentstyret sitt register. Dersom det står oppført fleire søkjarar/innehavarar i Patentstyret sitt register, må alle desse leggjast inn som pantsetjarar. Har pantsetjaren eit kundenummer i Patentstyret, kan du føre opp dette.

Panthavar

Du må leggje inn namnet og adressa til panthavaren. Har panthavaren eit kundenummer i Patentstyret, kan du føre opp dette.

Fullmektig

Har pantsetjaren/panthavaren ein fullmektig, må du leggje inn namnet og adressa til fullmektigen. Har fullmektigen eit kundenummer i Patentstyret, kan du føre opp dette.

Type rett som er pantsett

Du må hake av for kva slags rett som er pantsett.

Merknaden gjeld

Du må hake av for kva merknaden gjeld. For å få rettsvern (sikre rettane mot andre avtaleervarar og kreditorar), må du registrere pantet i registeret vårt, sjå pantelova [§ 4-12](#) og patentlova [§ 44 a](#).

Avtaledato

Du må føre opp dato for når panteavtalen blei inngått eller avslutta.

Vedlegg

Du må sende inn dokumentasjon for pantsetjinga. Eksempel på dokumentasjon er ein kopi av panteavtalen.

For at merknaden skal gi rettsvern (vern mot andre avtaleerververe og kreditorar), må følgjande kome fram i dokumentasjonen:

- 1) Namnet og adressa til pantsetjaren
- 2) Namnet og adressa til panthavaren
- 3) Kva nummer på retten/rettane som er pantsette
- 4) Beløpet/beløpa retten/rettane er pantsett(e) for (storleiken på pantekravet)
- 5) At innehavaren av retten/rettane (altså pantsetjaren) samtykkjer i pantsetjinga (signatur på pantedokumentet)

Det er ansvaret ditt at dokumentasjonen du sender oss, inneheld dei nødvendige opplysingane. Ta kontakt med oss dersom du har spørsmål.

Dersom dokumentasjonen er på over 15 sider, ber vi deg levere den elektronisk. Endringar, som for eksempel ny fullmektig eller endring av namn/adresse, skal du melde i eit eige skjema og sende til Patentstyret *før* du leverer krav om merknad av pant. Du finn eigne skjema for dette på nettsidene våre og i Altinn.

Referanse

Du må føre opp kva nummer på retten/rettane kravet om merknad gjeld. Dersom fleire nummer skal sikre same pantekrav, må du leggje inn alle nummera merknaden skal omfatte. Rettane må stå oppførte med same søkjarar/innehavarar i Patentstyret sitt register. Dersom du ønskjer å registrere pant for fleire forskjellige panteavtalar, må du fylle ut fleire skjema - eitt for kvart pant / kvar endring av pant.

Du må føre opp beløpet/beløpet retten/rettane er pantsett(e) for (storleiken på pantekravet). Beløpet/beløpa du fører opp, må samsvare med beløpet/beløpa i pantedokumentet. Med mindre du spesifiserer ein utanlandsk valuta, legg vi til grunn at beløpet er i norske kroner.

Kva kostar det?

Patentstyret sender deg ein faktura når vi har fått inn skjemaet. Sjå meir om gebyra på nettsidene våre.

Rettleiing om merknad av pant

Signatur

Pantsetjaren, panthavaren eller fullmektigen for ein av desse partane kan underskrive skjemaet. Vi godtek ein kopi av skjemaet så sant opplysingane er tydelege.

Forretningsløyndomar

Du kan be oss om å ta unna forretningsløyndomar frå offentlegheita. Eit slik krav om unnatak må vere skriftleg. I tillegg må du tydeleg markere kva opplysingar i dokumentet som du ønskjer unnatekne. Vi vil deretter foreta en vurdering av om opplysningene kan unntas offentligheten.

Personopplysingar

Patentstyrelova og patentlova krev at du sender inn visse personopplysingar. Patentstyret behandlar desse opplysingane med elektroniske hjelpemiddel i samband med registrering og journalføring i dei registera vi administrerer. Eit av formåla med registreringa og journalføringa av personopplysingar er at ein innehavar skal kunne prove overfor ein tredjemann at han/ho er innehavar av retten. Opplysingane er offentlege og vil bl.a. bli utlevert i samband med krav om utskrift frå registeret. Opplysingane vil også bli gjorde tilgjengelege for andre, for eksempel i Patentstyrets database som er tilgjengeleg på internett. På førespurnad vil Patentstyret rette og gi innsyn i alle personopplysingar som er innført om den einskilde i registera våre.

